







<b>Skjermen viser:</b>	<b>I timen:</b>
	Introduser temaet og start med å sjå <a href="#">Venner på skolen - YouTube</a>
	Sjå bilda frå filmen og snakk om det de såg: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva ulike vennar var det filmen sa vi kunne vere?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vaksne får ofte ikkje sjå når barn er stygge med kvarandre.</li> <li>• Kva skjer på dette bildet, og er det vanleg tenker du?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er dette plaging eller er det ein konflikt? Er det forskjell på det?</li> </ul>
	<p><b>Kva er konflikter og kvifor oppstår dei?</b>          Inspirert av boka <a href="#">Sirkel</a></p> <p>Konfliktreet skal hjelpe elevane til å finne ut kva konflikter er og kva som kan føre til konflikt. Bruk treet til å peike og forklare. Eller teikn eit sjølv på tavle eller ark.</p> <p>«Vi kan samanlikne konflikter med eit tre. Det finnst mange ulike konflikter, og mange ulike greiner på eit tre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva konflikter kan de kome på? Plasser eksempla på konflikter på greinene til treet. (krig, slåsskamp, krangling, blikking, utestenging)</li> <li>• Eit tre treng næring frå røtene for å leve. Slik er det også med konflikter. Noko ligg alltid under når det blir ein konflikt. Men det er ikkje alltid så lett å sjå.</li> <li>• Kva kan vere årsakene til dei konfliktane vi har plassert her på greinene? Kvifor plagar vi/kjeftar på/angrip vi kvarandre? Kva kan være grunnar til plaging/kjefting/angrep? Plasser eksempla på årsaker på røtene:(sjalusi, konkurranse, redsel, rasisme, familieproblem, ønske om hemn, usikkerheit, skam)</li> </ul> <p>Snakk saman etterpå: Desse vonde tinga som ligg nedi jorda/rotsystemet her kan altså føre til konflikter om dei får ligge i fred. Kva kan ein gjere med slike vonde følelsar og problem for å unngå å hamne i konflikter? (snakke med kvarandre, prate med nokon og bli forstått, få hjelp av andre).</p>
	<p><b>Korleis løyser vi konflikter?</b>          Sjå <a href="#">Hvordan håndtere en konflikt? - YouTube</a> og snakk med elevane om kva dei sa om å løyse konflikter.</p>
<div style="background-color: #e0e0e0; padding: 5px; margin-bottom: 5px;">             ▼ Å løyse konflikter         </div> <div style="background-color: #e0e0e0; padding: 5px;">             ▼ Konfliktløsning - til læreren         </div>	Bruk innhaldet i den grå boksa. I denne ligg også instruksjon til læreren.  Øv eventuelt også gjerne på å reparere relasjonar i den andre grå boksa



Sjå [Haschak Sisters - OKAY - YouTube](#) og bruk konflikten i denne filmen til å snakke saman i grupper om korleis denne konflikten kunne blitt løyst.

Sjå [Conflict to Resolution in 4 Steps - YouTube](#) som repetisjon og litt nytt på engelsk.



La elevane reflektere aleine, snakk saman to og to, eller saman i klassa.

Treng de litt frosketid i løpet av økta passar denne godt for vennskap: [Pust med en venn - YouTube](#)

Bruk gjerne noko frå samlinga [Konflikt frå LINK](#)

### Gode vennskap som ikkje går ut over andre - alternativ til mobbing:

Bruk gjerne noko av dette. Sjå eige instruksjonsark.

- ▼ Til læraren
- ▼ Filmen Mobbing på skolen
- ▼ Bilde frå filmen Mobbing på skolen
- ▼ Bli kjent rundt gode følelsar!
- ▼ Interessant eller interessert?
- ▼ Løysingshjulet

Bruk gjerne leikar frå dette leikeheftet: [io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/leikehefte/](http://io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/leikehefte/)